
Møteinnkalling

Til: Instituttstyret

Kopi til: Ledergruppen ILU

Om: Møte i instituttstyret torsdag 26.9.2019

Møtetid: 09:00-14:00 inkl. lunsj Møtested: Kalvskinnet [BR 2.073 Breheimen](#)

Eksterne styrerepresentanter:

May-Brith Ohman Nielsen (styreleder), professor, Universitetet i Agder
Vegard Iversen, fylkesdirektør for utdanning i Trøndelag fylkeskommune

Studentrepresentanter:

Emma Solberg
Solveig Tellevik

Representanter for fast vitenskapelig ansatte:

Lise Vikan Sandvik
Ingvil Bjordal
Mari-Ann Letnes

Midlertidig vitenskapelig ansatte:

-

Teknisk-administrativt ansatte:

Charlotte Gaertner

Fra administrasjonen:

Mari Nygård, Jesper Aagaard Petersen, Torkel Haugan Hansen, Elin Bø Morud, Øystein Wormdal og Anita Brækken (referent)

Meldt forfall:

Torkel Haugan Hansen

Postadresse Institutt for lærerutdanning, NTNU 7491 Trondheim Norway	Org.nr. 974 767 880 postmottak@su.ntnu.no www.ntnu.no/ilu	Besøksadresse Sverres gate 12	Telefon +47 73590400	Saksbehandler Anita Brækken anita.brakken@ntnu.no Tlf: 73559396
---	--	---	--------------------------------	---

Adresser korrespondanse til saksbehandlerenhet. Husk å oppgi referanse.

ORIENTERINGSSAKER

ILU 11/19

Orientering om virksomheten*Hensikt:* Instituttledelsen orienterer.

- Nyansettelser
- Opptakstall til utdanningene
- Studieporteføljesaker
- Planlagte NFR søknader
- Kvalifiseringsstipend til universitetslektorer
- Utviklingsplaner for lærerutdanning
- Universitetsskolesamarbeidet
- Prosess omkring konvertering av stillinger
- Presentasjon av innovasjonsarbeid ved ILU

DISKUSJONSSAKER

ILU 12/19

Obligatorisk oppmøte i lærerutdanningene*Hensikt:* Instituttleder ønsker innspill fra styret på foreslått prosess.

Vedlegg:

- Saksnotat med vedlegg

ILU 13/19

Tertialrapportering virksomhetsstyring*Hensikt:* Instituttene på NTNU lager virksomhetsrapporter hvert tertial med gjennomgang av budsjettavvik og med prognoseberegning for året. Det gir informasjon om hvor godt budsjettene blir fulgt og det gir grunnlag for vurderinger av mulige omdisponeringer for å utnytte de økonomiske ressursene best mulig.

Vedlegg:

- Saksnotat med vedlegg

VEDTAKSSAKER

ILU 14/19

Strategisk personalplan for 2019*Hensikt:* SPP er en langsiktig plan for utvikling av interne ressurser og rekruttering utenfra. I tillegg skisseres et system for kompetanseutvikling. Årets SPP ved ILU er en revisjon av SPP 2018. Det vil si at den er mindre omfattende og det er ikke gjennomført egne prosesser i fagseksjonene.

Vedlegg:

- Saksnotat med vedlegg

Eventuelt

Instituttstyret ILU

Sak ILU D12/19 Obligatorisk oppmøte i lærerutdanningene

I ILUs handlingsplaner 2019 – 2021 handler ett av målene om obligatorikk og obligatorisk oppmøte:

VIRKEMIDDEL	2019	2021
Gjennomgå og vurdere ønsket praksis for obligatorikk ved ILU	Vurdere ulike formål med obligatorikk, og særlig oppmøte, i ILUs studieprogrammer.	ILU opererer med forutsigbare, formålstjenlige og gjennomsiktede retningslinjer for obligatorikk i sine studieprogrammer.

ILU-ledelsen ønsker å gjennomføre en prosess med mål om å fastsette retningslinjer for obligatorisk oppmøte i studieprogrammene. Hensikten nå er å orientere instituttstyret om det planlagte saksforløpet, samt invitere styret til diskusjon. Instituttleder tar innspillene fra styret med i det videre arbeidet.

Spørsmålet om obligatorisk oppmøte berører flere ulike områder eller saksfelt ved instituttet, mye fordi obligatorisk oppmøte gjerne ses som et middel for å oppfylle ulike typer formål. Det er tanken at et utskrevet saksnotat vil gjøre det enklere å diskutere saken på en ryddig måte. Eksempler på slike saksfelt/formål som berøres, er:

- Skikkethetsvurdering av studenter
- Utdanningskvalitet, herunder mulighet for studentaktive læringsformer
- Studentenes tilstedeværelse i undervisning
- Studentenes ansvar for egen læring
- Administrative kostnader
- Likebehandling av studenter (innenfor samme emne, samme studieprogram eller samme institutt)

Postadresse7491 Trondheim
Norway**Org.nr. 974 767 880**postmottak@su.ntnu.no
www.ntnu.no/ilu**Besøksadresse**

Sverres gate 12

Telefon

+47 73590400

Saksbehandler

Mari Nygård

Beskrivelse av planlagt beslutningsprosess:

- oppstart på felles seminar for fagseksjonsledere, studieprogramledere og studieadministrasjon, med arbeid i grupper omkring dette temaet. Notater fra denne samlingen danner delvis grunnlag/bakgrunn for det saksnotatet som er vedlagt sakspapirene til styret.
- Det vedlagte saksnotatet legges fram til diskusjon i instituttstyret, ledermøtet og ILUs Utdanningsutvalg. Notatet revideres på grunnlag av innspillene og sendes ut på en bred høring på instituttet, slik at både enkeltpersoner, fagseksjoner og studieprogramråd og ikke minst ulike studentgrupper kan ytre seg. Deretter kommer saken tilbake til diskusjon i ledermøtet, før det fattes en beslutning,

Vi ber instituttstyret om å diskutere saken med utgangspunkt i det vedlagte saksnotatet, men særlig å gi tilbakemelding på den planlagte beslutningsprosessen ved instituttet. Slik instituttleder ser saken nå, er det en del som tyder på at det må gjøres tilpasninger til særtrekk for ulike studieprogram. Det synes derfor hensiktsmessig at endelige beslutninger omkring obligatorisk oppmøte legges til instituttleder etter grundig behandling i ledermøtet. ILU-ledelsen anser det som viktig at en slik beslutning er godt forankret i personalet, og foreslår derfor at retningslinjene ikke skal implementeres i denne høstens studieplanprosess, men i forbindelse med neste høsts studieplanprosess, slik at det får konsekvenser for studieåret 2020-2021.

Vedlegg:

- Notat om obligatorisk oppmøte i undervisninga

Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap
Institutt for lærerutdanning

Dato Referanse
19.9.2019

Notat – obligatorisk oppmøte i undervisinga

Til: Leiar møtet og utdanningsutvalet ved ILU

Kopi til:

Frå: Nestleiar for utdanning

Signatur:

Innleiing

Ved Institutt for lærerutdanning (ILU) er det ulikt om det er krav til obligatorisk oppmøte i undervisinga eller ikkje i dei forskjellige programma og emna. Forskjellane skriv seg i all hovudsak frå det som var gjeldande praksis ved einingane før ILU vart oppretta, altså frå Program for lærerutdanning (PLU) og Fakultet for lærar- og tolkeutdanning (FLT). Det har ved fleire høve vore uttrykt eit ønske om å gjere ei felles vurdering av om og på kva måte programma og emna kan eller skal ha krav om obligatorisk oppmøte, frå fagmiljøa, frå studentane, frå leiinga ved ILU og frå instituttstyret. I ILU sin handlingsplan for 2019–2021 det sett som mål at ILU skal «operere med forutsigbare, formålstjenelige og gjennomsiktlige retningslinjer for obligatorikk i sine studieprogrammer»¹ innan 2021.

Diskusjonen om obligatorisk oppmøte i studia starta på ILU si utvida leiarsamling 4.–5. juni 2019, der instituttleiinga, fagseksjonsleiarar, programleiarar og administrasjon deltok. Dette notatet tek utgangspunkt i synspunkt som vart diskutert på leiarsamlinga, men hentar òg moment frå andre relevante kjelder. Notatet har som føremål å danne eit grunnlag for den vidare diskusjonane i leiarmøtet og utdanningsutvalet ved ILU om kva retningslinjer for obligatorisk oppmøte som skal gjelde ved ILU.

Notatet er bygd opp av seks delar. I del 1 og 2 gir vi ei grov oversikt over korleis obligatorisk oppmøte er praktisert i studia i dag og viser kva for rammer studieprogramma må halde seg innanfor når vi vurderer oppmøtekrav. Skikkavurdering er eit særleg krav i lærerutdanninga, og det er derfor omtalt i eit eige avsnitt. Del 3 og 4 drøftar obligatorisk oppmøte ut frå eit læringsperspektiv og med tanke på særlege

¹ Handlingsplaner for Institutt for lærerutdanning, NTNU 2019–2021, s. 4

Postadresse	Org.nr. 974 767 880	Besøksadresse	Telefon	Sakshandsamar
7491 Trondheim	postmottak@su.ntnu.no	Sverres gate 12	+47 73590400	
Norway	www.ntnu.no/ilu			

omsyn i lærarutdanningane. Denne drøftinga hentar moment frå diskusjonane på leiarsamlinga på Falstad. I del 5 greier vi ut om nokre av dei praktiske og organisatoriske omsyna knytt til oppmøtekrav. Del 6 gir ei tilråding med forslag om retningslinjer for obligatorisk undervising ved ILU og vidare saksangang før retningslinjene blir endelege.

1. Status hausten 2019 – krav om obligatorisk oppmøte i dei ulike studia

Det er ulik bruk av obligatorisk oppmøte i undervisinga i lærarutdanningane ved ILU. Grovt sett er det lærarutdanningane frå tidlegare Program for lærarutdanning – PPU, FPPU, treårig yrkesfaglærarutdanning og profesjonsfaget i lektorutdanning 8–13 – som har eit generelt krav om obligatorisk oppmøte i emna, medan emna i grunnskulelærarutdanningane frå tidlegare Fakultet for lærar og tolkeutdanning ikkje har eit slikt krav. Eit unntak er områdeemnet LÆR1000², som frå hausten 2019 går inn i alle dei forskjellige lærarutdanningane. I dette emnet er det krav om 75 % oppmøte i undervisinga, og dette er dermed det einaste emnet i grunnskulelærarutdanningane som har eit generelt krav om oppmøte i undervisinga.

I emne som har eit generelt krav om obligatorisk oppmøte i undervisinga, gjeld dette kravet all undervising som går føre seg i emnet. Det er typisk krav om 75 % eller 80 % oppmøte, slik at studentane kan vere borte frå nokre delar av undervisinga utan at det går ut over retten til å ta eksamen, til dømes ved sjukdom. Praksisen har vore at oppmøtekravet er absolutt: Vi går ikkje inn i skjøn om kva som er årsakene til fråværet. Likevel er det døme på at studentar som har fråværet av kjente helseårsaker har fått høve til å kompensere for fråværet gjennom alternative arbeidskrav.

I grunnskulelærarutdanningane er det rett nok ikkje noko generelt krav om oppmøte i undervisinga, unntatt i LÆR1000. Det er likevel ei rekke emne som har oppmøtekrav i delar av undervisinga, gjerne i samband med til laboratoriearbeid eller andre praktiske øvingar. Eit døme er emnet MGLU1106 *Naturfag 1 (1–7) emne 1*³, der det er krav om 75 % oppmøte i laboratorieundervisinga. Eit anna døme er MGLU1513 *Pedagogikk og elevkunnskap 1 (5–10)*⁴, der det er krav om å delta i 3 av 4 økter i samband med praksis og på eit skriveseminar. Som døma viser, finst det altså krav om oppmøte i undervisinga i emne i grunnskulelærarutdanninga, men desse emna skil seg frå oppmøtekravet i dei andre lærarutdanningane ved at oppmøtekravet er retta mot spesifikke delar av undervisinga.

Det er heller ikkje eit generelt krav til oppmøte i dei toårige masterutdanningane, men krav eller forventning om at studentane tek aktiv del i undervisinga er likevel skrive inn i studieplanane eller i emneskildringane. I Master i fag- og yrkesdidaktikk ligg følgjande formulering i studieplanen under overskrifta 'Læringsformer': «I de fleste emner er undervisningen lagt opp slik at tilstedeværelse er nødvendig for å få gjennomføre

² Emneskildringa til LÆR1000 gir eit døme på obligatorisk oppmøte i undervisinga.

<https://www.ntnu.no/studier/emner/L%C3%86R1000/2019/1#tab=omEmnet>

³ Sjå emneskildringa. <https://www.ntnu.no/studier/emner/MGLU1106/2019/A#tab=omEmnet>

⁴ Sjå emneskildringa. <https://www.ntnu.no/studier/emner/MGLU1513/2019/1#tab=omEmnet>

obligatoriske aktiviteter og/eller arbeidskrav.»⁵. I masterutdanningane i norskdidaktikk og matematikk er det krav om oppmøte i delar av undervisinga på same måte som i emne i grunnskulelærerutdanningane. I Master i skoleutvikling og utdanningsleiing er det «*forventet at studentene deltar aktivt både på og mellom samlingene*»⁶. Det er ikkje krav om oppmøte i undervisinga i bachelorutdanninga i arkiv- og samlingsforvaltning.

Kartlegginga av krava om obligatorisk oppmøte i studieprogramma ved ILU viser at det er krav om oppmøte i ei eller anna form i alle programma som er retta mot skole og utdanning. Oppmøtekravet er rett nok handsama og kjem til uttrykk på ulike måtar, men kartlegginga syner at fagmiljøa har trong til å krevje at studentane deltek i undervisinga i utdanningane våre, og at retningslinjer knytt til oppmøtekrav vil kunne medverke til ein meir einsarta praksis i dei ulike programma.

2. Rammefaktorar – gjeldande lovverk

2.1 Lovverket for UH-sektoren

Lærerutdanningane er styrt av universitet- og høgskulelova (uhl.) og eit sett med forskrifter som har heimel i uhl. Føringane i studietilsynsforskrifta og forskrift om studiar ved NTNU er særleg relevant når vi skal vurdere om og eventuelt på kva måte vi kan eller skal krevje obligatorisk oppmøte i undervisinga.

Studietilsynsforskrifta stiller mellom anna krav til studietilboda for at dei skal vere akkrediterte. I § 2-2, fjerde ledd, står det at «*Studietilbudets innhold, oppbygging og infrastruktur skal være tilpasset læringsutbyttet for studietilbudet*», og femte ledd seier at «*Undervisnings-, lærings- og vurderingsformer skal være tilpasset læringsutbyttet for studietilbudet (...)*»⁷. Læringsutbyttet i lærarutdanningane omfattar ei rekkje ferdigheits- og haldningsmål som det er vanskeleg å sjå at studentane har høve til å nå dersom dei ikkje tek del i undervisinga.

Forskrift om studiar ved NTNU (studieforskrifta) § 4-2 uttrykker klart kva som skal stå i studieplanen og i emneskildringane. Det er mellom anna krav om at det skal stå «*hva som er obligatorisk og valgfritt*» og «*hvilke aktiviteter som er obligatoriske*»⁸. Studieforskrifta § 5-4 seier kva forhold som studenten må oppfylle for å kunne få vurdering i eit emne:

*«Eventuelle obligatoriske aktiviteter må være godkjent. Studenten skal i rimelig tid før vurdering få informasjon hvis obligatoriske aktiviteter ikke er godkjent.»*⁹

⁵ Studieplan for Master i fag- og yrkesdidaktikk og lærerprofesjon, samfunnsfag

⁶ Studieplan 2019/2020 for Master i fag- og yrkesdidaktikk og lærerprofesjon

⁷ Forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høgare utdanning. <https://lovdata.no/forskrift/2017-02-07-137>

⁸ Forskrift om studiar ved NTNU, § 4-2. <https://lovdata.no/forskrift/2015-12-08-1449/§4-2>

⁹ Forskrift om studier ved NTNU, § 5-4, andre ledd. <https://lovdata.no/forskrift/2015-12-08-1449/§5-4>

Sjølv om ei emneskildring har krav om obligatorisk oppmøte i undervisinga, har instituttet høve til å innvilge ein alternativ obligatorisk aktivitet som er fagleg jamgod med den ordinære obligatoriske aktiviteten. Dette følgjer av SU-fakultetet sine utfyllande reglar til studieforskrifta¹⁰.

Oppsummering: Vi kan krevje oppmøte i undervisinga dersom vi vurderer at det er naudsynt for at studentane skal nå læringsutbyttet i studieprogrammet. Dersom vi krev oppmøte i undervisinga, skal det vere skildra i studieplanen og i emneskildringane for studiet. Vi må ha ordningar som sikrar at vi handsamar krav om oppmøte likt og på ein føreseieleg måte for studentane.

2.2 Skikkavurdering i lærarutdanningane

Det er krav om at universiteta og høgskulane som tilbyr lærarutdanning gjennom studiet skal jamt vurdere studentane sine føresetnadar for å kunne fungere som lærar. Dette kravet har heimel i uhl. § 4-10¹¹ og i forskrift om skikkavurdering i høgare utdanning¹², der § 3 gir vurderingskriterium for skikkavurdering i lærarutdanningane. Vurderingskriteria gjeld mellom anna studenten si evne og vilje til omsorg, å leie læringsprosessar, å ha oversikt over kva som går føre seg i ei barnegruppe og å ta ansvar som rollemodell for barn, altså kriterium som først og fremst rettar seg mot lærarrollen og som best kan bli vurderte i praksissituasjonar. Men kriteria gjeld også studentane sine meir generelle personlege veremåtar og haldningar: Evne til kommunikasjon og samarbeid, sjølvinnsikt, evne til å endre åtferd, truande og krenkande åtferd eller andre problem som gjer at studenten fungerer dårleg i forhold til omgjevnadane. Skikkavurdering er også omtalt i dei nasjonale retningslinjene for lærarutdanningane¹³.

Som det følger av forskrifta, skal skikkavurderinga gå føre seg jamt gjennom heile studiet, både i undervisinga på campus og i praksisstudia. Sidan det meste av undervisningsaktivitetane i lærarutdanninga går føre seg på campus, er det ein føresetnad at faglærarane møter studentane regelmessig i undervisinga for at vi skal ha eit godt nok grunnlag for å gjere skikkavurderingar i tråd med lovverket. Lærarutdanningane har derfor trong til å ta i bruk verkemiddel som sikrar at studentane tek regelmessig og aktivt del i undervisinga på campus. Krav om oppmøte i undervisinga kan vere eit verkemiddel for å unngå situasjonar der vi er utrygg på om vi slipp ein student gjennom studiet utan at vi har hatt godt nok høve til å vurdere om vi er trygge på at studenten er skikka som lærar.

¹⁰ Utfyllende reglar til NTNUs studieforskrift – SU-fakultetet.

https://innsida.ntnu.no/documents/portlet_file_entry/10157/Utfyllende+regler+til+NTNUs+studieforskrift+%2818.10.2018%29.pdf/ab015061-f904-4805-bc1c-c1eaf9505a68?status=0

¹¹ Universitets- og høyskoleloven § 4-10: <https://lovdata.no/lov/2005-04-01-15/§4-10>

¹² Forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning: <https://lovdata.no/forskrift/2006-06-30-859>

¹³ Til dømes i nasjonale retningslinjer for grunnskulelærarutdanning trinn 1–7, <https://www.uhr.no/temasider/nasjonale-retningslinjer-for-larerutdanningene/>

3. Obligatorisk oppmøte og studentane si læring

At studentane er til stades og tek aktivt del i undervisinga er ein av føresetnadane for god kvalitet i undervisinga. Når faglæraren kan føreseie at studentane er til stades, er det lettare å planlegge undervisinga, å gjennomføre ho etter planen og å ha progresjon i undervisinga. Aktive og deltakande studentar medverkar òg i seg sjølve til kvalitet i undervisinga gjennom å stille spørsmål og delta i dei faglege diskusjonane. Krav om oppmøte i undervisinga kan derfor vere eit middel for å styrke kvaliteten i utdanningane.

I diskusjonane om obligatorisk oppmøte kjem det likevel fram at det kan vere meir høveleg å krevje oppmøte i nokre former for undervising enn i andre. Forelesingar blir nemnd som døme på ei undervisningsform der det kan vere vanskeleg å argumentere for obligatorisk oppmøte. Argument mot oppmøtekrav i forelesingar er at studentane er passive tilhøyrarar, at dei kan lære seg stoffet like godt på eiga hand og at denne undervisningsforma ikkje gir god læring for alle. På den andre sida er det ikkje slik at forelesaren står og les høgt frå ei bok – eit viktig føremål med forelesinga er å gi perspektiv og analyser som studenten ikkje sjølv kan lese seg til. I studia ved ILU er det dessutan lite reine forelesingar – oftast er det og rom for spørsmål og korte diskusjonar undervegs i undervisinga, altså ei meir studentaktiv læringsform enn det ein ser føre seg i den tradisjonelle forelesinga. Studentane er heller ikkje tenkt å ta ei passiv rolle i forelesinga; ideelt sett skal dei vere i aktiv dialog med teksten som forelesaren formidlar. Det er òg ulikt frå fag til fag og frå emne til emne kor mykje dei nyttar forelesingar – i nokre emne er forelesingane eit nyttig supplement til anna undervising, mens andre emne knapt brukar denne undervisningsforma.

I emne der det ikkje er eit generelt krav om oppmøte i undervising er det ein vanleg praksis å knytte oppmøtekrav til særskilte læringsaktivitetar. Med det sikrar ein at undervisinga som det er knytt krav om oppmøte til, har mykje studentaktivitet, slik at det gir god mening for studentane at det er krav om at dei skal delta. Dette kan vere eit god løysing i emne der det ikkje gir mening å krevje oppmøte i all undervisinga.

Det er rimeleg at det er variasjonen i undervisningsaktivitetar i emna, og at denne variasjonen er knytt til innhaldet og læringsmåla i emna. Det vil derfor vere lite føremålstenleg å skulle krevje oppmøte i alle emna i studieprogram der det er stor variasjon mellom faga, til dømes i grunnskulelærerutdanningane.

3.1 Individuelle og kollektive læringsprosessar

Studentane har eit ansvar både for seg sjølv og for læring i samarbeid med andre. Det å ikkje møte til undervising, å kome for seint eller gå før undervisinga er avslutta, har ikkje berre konsekvensar for studenten sjølv, men også for læringsmiljøet til heile gruppa, både faglæraren og dei andre studentane. Læring er ikkje noko som berre skjer i individet – nye tankar, refleksjonar og idear kjem til i dialog og samhandling med medstudentar og faglærarar. Ein måte å legge til rette for desse kollektive læringsprosessane, er å krevje at studentane er til stades i undervisinga. Det er dessutan eit poeng at studentane får erfaring med kollektive læringsprosessar som del av det å utvikle medvitte sitt som lærar.

Samstundes er det ein føresetnad at studenten er motivert for at læring skal kunne finne stad. Undervising som har eit tydeleg føremål, som legg vekt på studentaktive og engasjerande læringsformer og som motiverer studentane til å førebu seg og kome til undervisinga, er eit ideal. Dersom vi gir studentane slik undervising, vil dei delta og vere aktive, og det vil ikkje vere naudsynt å ha oppmøte som eit arbeidskrav.

For studentar som opplever at læringsaktivitetane gir lite utbyte, kan eit generelt krav om oppmøte dessutan verke urimeleg og dermed medverke til at studenten får mindre interesse for studia. Av den grunn er det klokt å tenkje gjennom og ha gode grunnar når vi krev oppmøte i undervisinga.

3.2 Modellering og «eksemplarisk undervising»

I lærarutdanningane har undervisinga og arbeidsformene ein dobbelfunksjon: Undervisinga skal gi studentane eit fagleg, didaktisk og pedagogisk grunnlag for å kunne utvikle seg som lærar, samstundes som ho gir studentane erfaring som dei kan omsetje til sin eigen undervisningspraksis – såkalla modell-læring eller eksemplarisk undervising. Denne modelleringa har stor verdi i lærarutdanninga, og gir studentane ei form for erfaring som dei ikkje kan få nokon annan stad enn i undervisinga. Samstundes stiller det krav til undervisarane om at dei må vere medviten om denne dobbelheita i undervisinga og nytte eit mangfald av undervisnings- og arbeidsformer, slik at studentane får erfaring som medverkar til at dei sjølv kan legge til rette for variert, tilpassa og inkluderande undervising i skulen¹⁴.

4. Obligatorisk oppmøte sett frå studieprogramperspektivet

Eit av spørsmåla som har vore stilt i diskusjonane om obligatorisk oppmøte, er om det skal vere det same kravet til oppmøte i alle emna i eit studieprogram. Av forskrift om studiar ved NTNU går det ikkje fram noko slikt krav. Det er derimot sagt i forskrifta at innhaldet og infrastrukturen i studieprogrammet skal vere tilpassa læringsutbyttet, jamfør referansane til lovverket i avsnitt 3.1.

Ein mogleg inngang til å drøfte obligatorisk oppmøte ved ILU, er å sjå på kva som kjenneteiknar læringsutbyttet i lærarutdanningane som profesjonsutdanning. Jamfør Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring¹⁵ er læringsutbyttet i studieprogramma inndelt i dei tre domena kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse. Bernett og Coate (2005) har utvikla eit rammeverk for læringsutbyttet (*curriculum*) i ulike fagområde. I dette rammeverket svarar omgrepa *knowing*, *acting* og *being* grovt til dei norske omgrepa. Rammeverket syner at dei tre domena har ulik vekt i utdanningar innanfor dei ulike fagområda humaniora, tekniske og naturvitskaplege fag og i profesjonsstudiar. Det som kjenneteiknar læringsutbyttet i profesjonsutdanningar ifølgje rammeverket, er at domenet *acting*, eller ferdigheiter, har ei betydeleg større vekt i desse utdanningane enn det har i humaniora eller naturvitskapen¹⁶. Det at lærarutdanninga mykje handlar om at studentane skal eigna til seg praktiske ferdigheiter, har følger for korleis vi driv undervising og legg til rette for læring i lærarutdanningane. Desse ferdigheitene er det vanskeleg å få grep om gjennom tradisjonelle eksamenar.

¹⁴ Nasjonale retningslinjer for praktisk pedagogisk utdanninga – allmennfag, kap. 4.5.

<https://www.uhr.no/f/p1/i13d351d8-d4a8-4c93-ac64-f0d2fbbdc6c6/godkjente-retningslinjer-ppu.pdf>

¹⁵ <https://www.nokut.no/norsk-utdanning/nasjonalt-kvalifikasjonsrammeverk-for-livslang-laring/>

¹⁶ Barnett, Ronald., og Kelly Coate. Engaging the Curriculum in Higher Education. Maidenhead, England ;: Society for Research into Higher Education : Open UP, 2005. Web.

Likskap mellom emne i eitt utdanningsprogram er også relevant å ta omsyn til. Når det er ulike krav til oppmøte i ulike emne i eit program, kan det vere ein risiko for at studentane prioriterer ned emne der det ikkje er krav om oppmøte.

I samtalanane om obligatorisk oppmøte har det vore spørsmål om studentane sin mognad kan ha noko å seie når vi vurderer kvar om oppmøte i undervisinga. I starten av studia har dei unge studentane gjerne lite erfaring med å studere, og dei er vande med tett oppfølging og krav om oppmøte frå vidaregåande skule. Dette kan vere grunn til å krevje at studentane deltek i undervisinga særleg de første åra i studiet, medan det seinare, når studentane utviklar større sjølvstende, kan vere mindre trong til obligatorisk oppmøte. Oppmøtekrav kan òg forebygge at studentar droppar undervisinga berre av den grunn at dei ikkje synst dei er godt nok førebudd. Ei liknande vurdering er knytt til lengda på programmet – det kan vere meir grunn til å krevje at studentane deltek i undervisinga i korte lærarutdanningsprogram (til dømes PPU) enn i program som går over fleire år, ettersom studentane i dei korte studieprogramma berre har eitt år på seg til å utvikle læraridentiteten sin.

Obligatorisk oppmøte kan vere eit verkemiddel for å styrke det psykososiale læringsmiljøet i studieprogramma. Mykje av undervisinga i lærarutdanninga går føre seg i mindre klassar eller seminar. Det gir ILU høve til å arbeide godt med det psykososiale læringsmiljøet til studentane – noko som kan medverke til studentane si læring, forebygge fråfall og styrke studentgjennomstrøyminga i studia. Ved å krevje oppmøte, er det ikkje høve for studentane å melde seg ut av fellesskapet i klassen.

Nasjonalt er det tradisjon for å ha obligatorisk oppmøte i lærarutdanningane. På møte i Nasjonalt fagorgan for GLU i september 2019 kom det fram at alle institusjonane som tilbyr grunnskulelærarutdanning har krav om oppmøte i ei eller anna form. Det mest vanlege er eit generelt krav om oppmøte i undervisinga, mens Høgskulen på Vestlandet og Oslomet har retningslinjer som opnar for faglege vurdering av oppmøtekrav i emna.

5. Organisatoriske og praktiske omsyn

ILU har mykje erfaring med obligatorisk oppmøte i undervisinga. Lærarutdanningane frå PLU har hatt krav om obligatorisk oppmøte i fleire år, og det er også krav om oppmøte i undervisinga i fleire emne i grunnskulelærarutdanningane. Ei viktig utfordring knytt til oppmøtekrav, er korleis vi kan registrere oppmøte (eller fråvær) på ein ressurseffektiv måte, samstundes som vi sikrar studentane sine rettigheter.

Med dei verktøya som er tilgjengelege ved NTNU i dag, er det to måtar å registrere oppmøte på. Det første alternativet er å gjere registreringa manuelt, til dømes i Excel. Det krev at vi set opp studentlister per klasse med kolonnar for kvar av undervisingsøktene som er obligatoriske. Vidare må studentane få god oversikt over dei obligatoriske undervisingsøktene i starten av semesteret, slik at dei har høve til å sjølv følge med på oppmøtet sitt. Det vil vere faglæraren eller den emneansvarlege si oppgåve å registrere studentane sitt oppmøte og å melde frå til administrasjonen om studentane har godkjent oppmøtekravet eller ikkje, på same måte som for dei andre obligatoriske aktivitetane i emnet. Det er denne løysinga ILU nyttar for oppmøtere registrering i dag.

Det andre alternativet er å bruke Fagpersonweb¹⁷ som støtte i oppmøtereistreringa. Fagpersonweb er ei teneste som gjer at fagpersonar får innsyn og kan løyse oppgåver i Felles studentsystem (FS), og i dette systemet ligg det mellom anna ein modul for oppmøte. Oppmøtemodulen er lite nytta ved NTNU i dag, men enkeltemne i examen philosophicum har pilotar for oppmøtereistrering hausten 2019. Med denne løysinga vil det framleis vere oppgåva til faglærer eller emneansvarleg å registrere oppmøte, men verktøyet er kopla til timeplanen og studentlistene i FS, og har funksjonar som gir ei betre oversikt over oppmøtet i emnet og til kvar enkelt student. Studenten sjølv vil òg kunne følgje med på oppmøtet sitt i studentweb.

Å ta i bruk oppmøtereistrering i Fagpersonweb vil stille større krav til datakvaliteten i FS enn det er i dag – mellom anna vil det krevje at vi registrerer meir data når vi legg timeplanen, at undervisinga i kvart emne er godt planlagt tidleg i timeplanprosessen og at vi styrer tilgangen til undervisingsaktivitetane i FS rett. Å ta i bruk dette verktøyet vil altså legge nye føringar for studieplanlegginga og krevje meir administrativ tilrettelegging i FS enn i dag. Det vil også vere naudsynt å gi opplæring og støtte i Fagpersonweb til alle som skal bruke systemet. På den andre sida vil oppmøtereistrering i Fagpersonweb gi faglærarane og studentane betre oversikt over oppmøtet i emna, og det vil redusere det manuelle arbeidet med å gjere klar studentlister for oppmøtereistrering. På sikt kan det òg bli mogleg at studentane gjer registreringa sjølv ved å scanne studentkortet sitt, men NTNU har etter det vi kjenner til i dag ingen planar om å ta i bruk ein slik funksjonalitet. Dersom ILU skal ta i bruk oppmøtereistrering i Fagpersonweb, vil det vere tilrådeleg å lytte til erfaringane frå piloten som er gjort i ex.phil.

Som dette avsnittet viser, vil det med verktøya vi har i dag ikkje vere mogleg for instituttet å handtere mykje obligatorisk oppmøte i emna utan at det fører til auke i ressursbruk, både for administrasjonen og for faglærarane. Det vil derfor vere eit mål å utvikle rutinar og ta i bruk verktøy som kan minimere ressursbruken knytt til registreringa av obligatorisk oppmøte. Ein strategi kan vere å starte med å ta i bruk Fagpersonweb i nokre få emne som ein pilot, slik at vi får erfaring med dette systemet når vi arbeider med å utvikle rutinar for oppmøtereistrering. Det kan òg vere relevant å sjå på kva løysingar andre profesjonsutdanningar ved NTNU og andre lærarutdanningsinstitusjonane har vald.

6. Tilråding

Etter diskusjonane om obligatorisk oppmøte på leiarsamlinga på Falstad, er hovudintrykket at dei fleste er samde i at studentane må ta aktivt del i undervisinga for at vi skal kunne drive lærarutdanning på ein god måte. Men det er ulike synspunkt på kva som er dei rette verkemidla for å motivere studentane til å møte opp: Nokre meiner at vi må krevje at studentane er til stades gjennom obligatorisk oppmøte, medan andre meiner at vi må legge vekt på studentaktive læringsformer som engasjerer og motiverer studentane til å førebu seg og kome til undervisinga, og at studentane sjølv best kan vurdere kva for undervising det er naudsynt å vere med på. Dette notatet har ikkje mål om å trekkje ein konklusjon i den diskusjonen, men å gjere synleg nokre av momenta som vi må ta stilling til når vi avgjer kva for obligatoriske aktivitetar som skal ligge til eit emne.

¹⁷ Sjå meir om Fagpersonweb på <https://www.fellesstudentsystem.no/dokumentasjon/brukerdok/fagpersonweb/>

Sidan lærings- og vurderingsformene skal vere tilpassa læringsutbyttet i programmet og emnet, vil det alltid vere ei fagleg vurdering om oppmøte i undervisinga skal vere eit krav for å få ta eksamen i emnet. Dette spørsmålet er det dermed fagmiljøet – emneansvarleg i samråd med fagseksjonen eller undervisingsgruppa – som kan og må ta stilling til. Det er derfor tilrådeleg at ILU opnar for at emne kan ha eit generelt krav om oppmøte i undervisinga dersom det er gode faglege grunnar til det. Dette inneber at det kan vere ulike krav om obligatorisk oppmøte i emna i eitt program og/eller i dei ulike studieprogramma ved ILU. Samstundes er det naudsynt å ha retningslinjer for emne som har obligatorisk oppmøte, slik at oppmøtekrav i emna er innanfor rammene for studia, vi sikrar studentane sine rettigheter og arbeidsdelinga mellom emneansvarleg og administrasjon er tydeleg.

Vi foreslår desse retningslinjene for obligatorisk oppmøte ved ILU:

1. Det er emneansvarleg, i samråd med relevante fagmiljø, som avgjer om det skal vere krav om oppmøte i eit emne. Obligatorisk oppmøte skal ha grunnlag i læringsutbyttet til studiet og emnet, jf. studietilsynsforskrifta 2-2. Emneansvarleg skal formidle bakgrunnen for oppmøtekravet til studentane.
2. Obligatorisk oppmøte i eit emne skal skrivast inn i emneskildringa som ein obligatorisk aktivitet. I emneskildringa skal det gå tydeleg fram kva delar av undervisinga som er obligatorisk, jf. forskrift om studiar ved NTNU § 4-2. Studentar som ikkje har godkjent oppmøte, får ikkje ta eksamen i emnet, jf. forskrift om studiar ved NTNU § 5-4. Dekanen vedtar emneskildringa som del av studieplanen kvart år, og det er ikkje høve til å endre på kravet om oppmøte når emneskildringa er vedtatt.
3. Emneansvarleg, saman med faglærarar, skal sjå til at oppmøte og fråvær blir registrert på ein trygg måte som sikrar at studentane får ei føreseieleg og rettvis handsaming. Administrasjonen gir råd og støtte om kva for verktøy som kan nyttast i registreringa.
4. Faglærar registrerer studentane sitt oppmøte i undervisingsøktene.
5. Emneansvarleg varslar studentar som ikkje får godkjent oppmøte i emnet.

6.1 Vidare gang i saka

Notatet blir lagt fram for leiarmøtet, ILU sitt utdanningsutval og instituttstyret i veke 39. Etter innspela frå leiarmøtet og utdanningsutvalet sender vi notatet med spørsmål til fagmiljøa på brei høyring i instituttet. Det er eit ønske om at høyringa blir handsama i fagseksjonar, studieprogramråd, administrasjonen og av studentdemokratiet.

Instituttstyret ILU

Sak ILU D13/19 Tertialrapport virksomhetsstyring

Hensikt: Saken gir styret en oppdatering på økonomi og virksomhetsstyring etter andre tertial i 2019 og baserer seg på en bestilling fra fakultetet. Frist for rapportering var medio september. Denne tertialrapporteringen var todelt og omfattet både strategioppfølging og økonomistyring. Instituttleder tar innspillene fra styret med i det videre arbeidet.

Vedlegg:

- Svar fra ILU – instituttens virksomhetsrapportering – 2. tertial 2019

Notat

Til: Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap

Kopi til:

Fra: Institutt for lærerutdanning

Signatur:

Svar fra ILU – instituttens virksomhetsrapportering – 2. tertial 2019

Det vises til notat fra VØ-seksjonen. Nedenfor følger innspill fra institutt for lærerutdanning (ILU). Vår inngang er at instituttets budsjett skal henge sammen med instituttets strategi og handlingsplan. ILUs strategi harmonerer godt med de overordnede målene i SU-fakultetets strategi og handlingsplaner, så vi ser ingen motsetningsforhold her. Instituttstyret ved ILU vedtok i april 2018 strategi for perioden 2018-2025. I desember 2018 ble handlingsplaner ILU for 2019-2021 vedtatt. Instituttet ble fra siste årsskifte 2019 fysisk samlet i ulike bygg på Campus Kalvskinnet.

De nevnte dokumentene er instituttets primære styringsdokumenter, og utgjør sammen med NTNUs øvrige styrende dokumenter, grunnlaget for vår virksomhet. Det er etter vårt syn en god sammenheng mellom strategiene og planene på de ulike nivåene (NTNU – SU – ILU).

Strategioppfølging

Vi er bedt om å strukturere rapporteringen etter fire punkter jamfør fakultets årsplan for 2019. Ved ILU henger primærvirksomheten nøye sammen med vårt samarbeid med samfunns- og arbeidsliv. Derfor er de to første punktene slått sammen.

Vi vil først nevne at instituttet fra i høst har ansatt en fulltids universitetslektor med arbeidsområde internasjonalisering, som skal styrke vår innsats på søknader og utveksling.

Postadresse	Org.nr. 974 767 880	Besøksadresse	Telefon	Saksbehandler
7491 Trondheim	postmottak@su.ntnu.no	Sverres gate 12	+47 73590400	Anita Brækken anita.brakken@ntnu.no
Norway	www.ntnu.no/ilu			Tlf: 73559396

Adresser korrespondanse til saksbehandlerne. Husk å oppgi referanse.

Dette gjelder for alle internasjonaliseringsområdene, dvs. både utdanning, forskning og innovasjon.

Om studentaktive læringsmiljø og arbeidslivssamarbeid:

- De fysiske mulighetene for studentaktive læringsmiljø ved campus Kalvskinnet er noe begrenset og dette gjør at vi internt i NTNU gjentakende ganger bruker ressurser på å forklare at vi er en stor campus med 4000 studenter, og med ulike studieprogrammer som har ulike behov. Det er dårlig kapasitet på undervisningsrom og deler av undervisningen må legges til kinosaler og til møterom (inne i ILUs arbeidsarealer). Det leies nå undervisningskapasitet på hotell. Studenter har etter oppstart i høst sendt flere avviksmeldinger på undervisning som gjennomføres i kinosal. Avvikene går på manglende lys, det mangler bord for å ta notater eller arbeide ved og det mangler nettilgang. Parallelt med dette risikerer ILU å betale ekstra for ekstern leie. Denne situasjonen vanskeliggjør bl.a. studentaktive læringsmiljø og vi bruker ressurser på «feil ting».
Etter ILUs vurdering har disse forholdene relevans for flere av de fem kulepunktene (områdene) som bestillingsnotatet refererer til fra NTNUs årsplan.
- Universitetsskolesamarbeidet har nå fått på plass en tiårig rammeavtale og rullerende handlingsplaner for 2019-2022. Hensiktene med USSiT¹ er styrket lærerutdanning, styrket forsknings- og utviklingsarbeid i universitetsskolene og styrket utdanningsforskning. Det er stort fokus på samskapte prosjekter. USSiT er viktig for lærerutdanningene. Samarbeidet er avhengig av forankring både i fagseksjonene og på tvers av disse, i ILUs ulike fagmiljøer på vårt 4. nivå.
- For den femårige grunnskolelærerutdanningen ([MGLU](#)) har vi fra i høst innført praksispartnerskap med mål om å knytte campusundervisning tettere sammen med praksisstudiene. Partnerskap er et viktig strategisk mål i den nasjonale strategien for lærerutdanning, LU 2025. Det er satt i gang ti parallelle partnerskap, som ledes av fem ILU-ansatte «faglig leder» (de leder to partnerskap hver), basert på en nyutviklet modell. Modellen gir et tettere og mer transparent samarbeid. Partnerskapsmodellen med faglig leder gir større mulighet for å utnytte potensialet i faglig samarbeid på tvers. ILU følger dette arbeidet tett framover, og vi har stor tro på at den nye organiseringen vil gi økt nærhet mellom universitet og skoler.
Med dette er alle lærerutdanninger ved NTNU fra høsten 2019 organisert i praksispartnerskap, og alle våre 140 samarbeidsskoler er innlemmet i et partnerskap. Det vil fortsatt være behov for noe ulikhet mellom modellene for 1-10 lærerutdanning og 8-13 lektorutdanning, basert på studieprogrammenes egenart.

Om økt kvalitet i forskerutdanningen:

- Det blir stadig flere doktorander på ILU, og handlingsplanen for forskning kobler eksplisitt systematisk kompetansebygging, forskningsgrupper og ph.d.-utdanning. Etter fusjonen har ILU fokus på spredning av mulighetene for veiledning på flere

¹ Universitetsskolesamarbeidet i Trondheim

ansatte og veilederkvalifisering av førstekompetente i alle fagseksjoner. Forskningsgruppene fungerer her som både aktive veiledningsmiljø for stipendiater og mentoringsmiljø for ansatte. Alle nye stipendiater er i likhet med de nyopprettede rullerende emnekursene forankret i forskningsgrupper. Instituttets faste ph.d.-utvalg har vært sterkt engasjert i opprettelsen og kvalitetssikringen av ph.d.-programmet i utdanningsvitenskap og fagretningen for lærerprofesjons- og skoleforskning. Utvalget gjennomfører løpende egen kvalitetssikring av ph.d.-utdanningen gjennom kartlegging av framdrift og evaluering av kurs og kursportefølje. Vi har nedsatt grupper for å utrede kvalitet i ph.d.-veiledning og insentiver for kunstnerisk utviklingsarbeid.

- ILU fortsetter å planlegge for avslutningen av NAFOL i to spor: en videreføring av NAFOL som norsk veiledningsnettverk og den nordiske forskerskolen Nordic Graduate School Network for Teacher Education Relevant Research (NorTED), som vi har tatt initiativ til, og som ILU leder i 2019.

Om å bygge forskningskultur og sterke forskningsgrupper:

- I våre handlingsplaner er et mål at alle vitenskapelig ansatte skal få tilgang til minst én forskningsgruppe. ILU ser på etablering og utvikling av forskningsgrupper som en del av utviklingen av en sterk akademisk kultur. Ansatte viser stor interesse for å være med i forskningsgrupper. Etter nærmere to år med aktivt arbeid med forskningsgrupper i alle fagseksjoner, har ILU 46 forskningsgrupper og nettverk registrert på nettsiden, samt 27 store forskningsprosjekter som i mange tilfeller fungerer som krystalliseringspunkter for framtidige grupper. Vår vurdering er at satsningen ser ut til å være vellykket.
- Vi har stor aktivitet på eksterne søknader og nevner som eksempler 16 søknader til NFR, 1 TSO Helse, 6 Erasmus+ og 1 H2020 i april, og nå i september 5 søknader til NFR innovasjon i offentlig sektor (sikkert flere også som partnere). Vi tar forbehold om flere. Grunnet vår størrelse er det krevende å skaffe en komplett oversikt fra vårt 4. nivå med den korte fristen vi har for T2-rapportering.
- Vi har gjennomført flere evalueringer av forskningsfinansiering på instituttet.
- Vitenskapelig ansatte fikk våren 2019 anledning til å søke instituttleder om konvertering av forsknings- eller FoU-tid i stillingen. Vårens runder var basert på gjeldende NTNU-bestemmelser og ILUs retningslinjer for personalspørsmål, hvorav sistnevnte ble fastlagt over tid i løpet av 2017 og våren 2018. For instituttet er dette et personalstrategisk grep som både skal bidra til likhet i betingelser mellom de ulike fusjonerte miljøene ved ILU, og legge best mulig til rette for at flere skal ha forutsigbar tid til forskning.

Det avsluttende avsnittet under overskriften Strategioppfølging, skal fungere som underlag for fakultetets rapportering til rektor om status i arbeidet med oppfølging av NTNUs årsplan innenfor fem nevnte områder, som er *sterke fagmiljøer, styrket samspill og tverrfaglighet, fremtidens studietilbud og livslang læring, fornyelse av infrastruktur og lærings- og arbeidsmiljøer, og effektive og moderne støttefunksjoner.*

Her vil ILU gi følgende innspill, ut over det som er nevnt i tidligere avsnitt:

- Veksten som følger av femteåret i MGLU er et pålegg fra vår eier KD, som vi har planlagt for i lang tid. Det er tidvis krevende å få forståelse for denne veksten internt i NTNU, og dette utfordrer alle de fem nevnte områdene i NTNUs årsplan.
- ILU tar sterkt til orde for at arealer som er prosjektert som studentarbeidsarealer, ikke uten videre kan konverteres til ansattarbeidsarealer.
- Det er en utfordring å planlegge strategisk for sterke fagmiljøer. Den strategiske personalplanleggingen ved ILU ønsker vi skal henge sammen med våre budsjetter. Vi mangler føringer fra myndighetene for finansiering av 5. året i MGLU. Videre er det krevende å sørge for god planlegging med høy faglig og strategisk kvalitet på grunn av felles prosesskrav med tilhørende korte frister for arbeidet på nivå 3, og manglende forståelse for andre behov på store institutt med organisert fjerde nivå. Samlet sett er det mange ukjente x-er og y-er og parallelt forventes det av NTNU at vi leverer styringsdyktige langtidsbudsjetter som forplikter oss.

Økonomistyring

Fagmiljøene ved ILU er store, de er sammensatte og de er svært viktige for oss. Vi har til sammen 304 ansatte i UFF-stilling fordelt på åtte fagseksjoner. I tillegg kommer våre to nasjonale sentra (p.t. med 55 ansatte). Senterne er en integrert del av ILUs virksomhet, men drives som egne resultatenheter. Alle de 359 personene som hører til ILUs 4.-nivå, utgjør kjernen i vår virksomhet. Det er her verdiskapningen ved institutt for lærerutdanning skjer. Samtidig er samgangen mellom 4. nivå og ILUs ledelse og administrasjon, helt avgjørende for god virksomhetsstyring. Totalt utgjør ILUs samlede ressurser p.t. 403 personer inkl. stipendiater m.fl.

Et særtrekk ved dagens ILU er at vi har to nasjonale sentra på fjerdenivå, som vi også nevner i forrige avsnitt. Senterne er en integrert del av ILUs virksomhet, men de har eksternt definerte oppdrag og mandat og drives som egne resultatenheter. Senterne er prisgitt eksterne oppdrag og kan ikke virksomhetsstyres på en god måte ut fra samme kriterier som enheter med forutsigbare rammer. Senterenes egenart minner på noen måter om instituttsektoren. Forskjellen mellom de nasjonale sentra og instituttsektoren for forskning er at sentraene til en viss grad får tildelt nasjonale oppdrag. Ofte er etterspørselen større enn de tilgjengelige ressursene muliggjør. Siden sentrene konkurrer om offentlige midler, har aktivitetene ofte korte horisonter og det er uforutsigbart om og når det eventuelt vil gis mer økonomisk støtte. Dette gjør i perioder andelen midlertidig ansatte høyere enn ønsket ved våre nasjonale sentra.

ILU har eksternfinansiert aktivitet (BOA) i størrelsesorden 75 mill. kroner (sentrene inkludert), dette utgjør 27,4 % av vår bevilgning. En stor andel av vår BOA er etter- og videreutdanning, EVU. Prosjektlederrollen er i NTNU definert i BOA-regelverket og er beskrevet som en ensartet rutine for hhv. bidrags- eller oppdragsfinansiert aktivitet. Her

